

**Betelskipet vidare i Kvinnherad****01.12.2012**

**Betelskipet Elieser 6 var fredag innom Sandakaien før det sigla vidare til neste møtestad, som var Borgundøy.**

**Det kom rundt 20 til møtet, nokre færre enn ifjor, og det var Gunnar Kjærland som ynskte velkommen til Uskedalen.**

**Med eit unnatak var mannskapet det same som sist, med Harald Thorsen som kaptein og Tone Kallevåg som husmor.**

**Det var som det plar vera mykje fin sang og musikk.**

Betelskipet har heile landet som sitt arbeidsområde og førar vidare ein misjonstradisjon som starta for meir enn 100 år sidan.

Det er ein viktig del av verksemda til Den indre sjømannsmisjon,

Over ligg skipet ved Sandakaien fredag kveld

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen